



Fugletragedie nummer to på to dagar er eit faktum! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skjora i Uskedalen lever farlig for tida. Tirsdag kunne uskedalen.no melde at ein skjorefamilie vart brutalt handsama ved felling av gigantgrana på Endregård. Men det stoppa ikkje der.

Onsdag fann dei som steller med båthamna eit skjoreireir på bakken under eitt av trea på båtlaget sitt område. Spreidd rundt reiret lå fire daude ungar. Båtlag-folka trur ikkje at reiret har blåse ned, for det har ikkje vore noko vind å nemna dei siste dagane. Dei trur heller at vandalar har vore på ferde. Heldigvis har skjorene eit reir også like ved og vi får vona at familien der får vera i fred!